



Reguleringsplanen for dette området vil kanskje kunne leggest ut til offentlig ettersyn utpå vårparten. (Flyfoto: Erlend Moen).

**Arbeidet med den mykje omtala reguleringsplanen for turistanlegg med omgjevnader i Uskedalen kjem no inn i ei ny fase. Eit forslag utarbeidd av Johannes Tufteland har lege på bordet i kommunen ei stund, og no er det kommunen sin tur til å ta eit initiativ. Saksbehandlar Ingo Bewer har difor innkalla til møte i rådhuset i Rosendal tysdag 6. februar.**

Då saka om dispensasjon for Rabben Camping frå byggje- og deleforbodet var oppe i forvaltningskomiteen før jul, varsla verksemdsleiar Tormod Fossheim at det neste kommunen ville gjera var å gå eitpar runder med dei berørte før saka vart utlagt til offentlig ettersyn. Fossheim sa at viss planen blir lagt fram slik den er no, kan det ta lang tid før den blir vedteke.

Alle partar bør akseptera den før framleggjinga, understreka Fossheim. Han varsla kommunale føringar for det som må til for å komma vidare og trudde at planen kan bli lagt fram for komiteen tidleg på vårparten viss prosessen vidare går nokonlunde glatt.

No er det altså klårt for den første runden. Dei som er innkalla så langt er Uskedalen Båtlag, Steinar Myklebust (Rabben Camping), Elin Enes (Øyro Marina), kyrkjevergen, Johannes Tufteland, og båtlaget. Frå kommunen møter ordføraren, Tormod Fossheim, Jon Harald Kjærland, Inge Haga og Ingo Bewer.

- Kva er målsettinga med møtet, har uskedalen.no spurd saksbehandlaren.  
 - Vi er ikkje samde i det framlegget som ligg føre no og ynskjer å drøfta heile plansituasjonen. Nå må vi få synspunkta frå dei som blir berørt av planen på bordet, som grunnlag for det vidare arbeidet. Det er jo ein masse og til dels motstridande synspunkter på kva som skal skje i dette området, seier Ingo Bewer.

Av Ola Matti Mathisen

